



Reknes Byggjevarer L L  
Masfjordvegen 187  
5986 HOSTELAND

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 22/2158 - 22/30039

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
19.04.2022

## **Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 108/65 Lindås**

Tiltak: Gjenoppbygging av einebustad  
Byggjestad: Gbnr: 108/65  
Tiltakshavar: Vidar Skårnes  
Ansvarleg søkjar: Reknes Byggjevarer L L

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 07.03.2022.

### **Vi trenger meir dokumentasjon i saka**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Tiltaket ligg delvis i gul støysone mot fylkesveg og har krav om støyfagleg utgreiing for etablering av busetnad.
2. Tiltaket krev dispensasjon frå både områdeplankrav pkt. 2.2.2 og reguleringsplankrav pkt.2.2 i kommunedelplanen for Lindås. Dette er pga. det skal etablerast ny bueining i bustaden.
3. Det skal visast i gjennomføringsplanen og erklæringar om ansvarsrett at det er teke stode til uavhengig kontroll av luftteitheit og våtrom.
4. Kotehøgde på møne og ferdig golv er ikkje påvist på teikningar.
5. Det skal liggje føre utfylt skjema for bustadspesifikasjon i matrikkelen.
6. Det skal søkjast om utvida bruk av avkøyrse frå fylkesveg for etablering av bueining nr.2.
7. Det skal ikkje søkjast om tilkopling til kommunalt vatn og avløp for ny bueining, men skal gjevast melding til samferdsel-, veg, vatn og avløp avd. om bueining nr.2 ved søknad om mellombels bruksløyve/ferdigattest.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 20.05.22. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

### **GENERELL INFORMASJON**

**Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad**

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

**Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Vidar Skårnes

VERÅSVEGEN 113

5955

LINDÅS

**Mottakarar:**

Reknes Byggjevarer L L

Masfjordvegen 187

5986

HOSTELAND